



Ing Taule AS
Radøyvegen 1400
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8148 - 23/44365

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
06.06.2023

Ferdigattest for riving av bustadhus og grunnarbeid m.m. - gbnr 110/3 Syslak

Administrativt vedtak: Saknr: 599/23
Tiltakshavar: Ahmet Özsoy
Ansvarleg søkjar: Ing Taule AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK

Det vert gjeve ferdigattest for riving av eksisterande bustadhus, og grunn- og terrengarbeid med grøfter for stikkleidningar og montering av avløpsreinseanlegg slik det går fram av rammeløyve datert 11.11.2020 på gbnr 110/3.

Oppføring av ny bustad vil utgå av tiltaket.

Vedtaket vert gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 21-10.

Saka gjeld søknad om ferdigattest for godkjend tiltak på eigedomen gbnr 110/3. Tiltaket omfattar riving av eksisterande våningshus og oppføring av nytt med tilhøyrande anlegg for vatn og avløp, jf. vedtak datert 11.11.2020.

Gjennom byggeprosessen har tiltakshavar valt å endra utforming og storleik på våningshuset. Endringa er av eit slikt omfang at det er nødvendig å senda inn ny søknad om løyve til tiltak. Søknaden om ferdigattest vil derfor omfatta gjennomført arbeid som er riving av eksisterande våningshus, grunn- og terrengarbeid med grøfter for stikkleidningar og montering av avløpsreinseanlegg. Resterande arbeid som er godkjend etablert, dvs. oppføring av ny bustad vil utgå av tiltaket.

Vurdering

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med

tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 11.11.2020.

Det vert elles vist til søknad mottatt 25.05.2023.

Skildring

Adresse:	Skornesvegen 91
Bygningstiltak:	Riving av eksisterande våningshus Grunn- og terrengarbeid med grøfter for stikkleidningar og montering av avløpsreinseanlegg knytt til ny bustad Oppføring av nytt våningshus utgår av tiltaket
Bygningsnummer:	176232625

GENERELL INFORMASJON

Regelverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/8148

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ahmet Øzsoy

Svaneviksveien 3 B 5063

BERGEN

Mottakarar:

Ing Taule AS

Radøyvegen 1400 5936

MANGER